

**Fra:** Marthe Hammer (Marthe.Hammer@vlfk.no)

**Sendt:** 15.11.2020 21:55:42

**Til:** Politisk

**Kopi:**

**Emne:** Spørsmål billettkontrollører

**Vedlegg:**

Spørsmål til fylkesrådmannen i samband med møte i finansutvalet 19.11.20

I arbeidsdokument står det: «Grunna sterk auke i snikandelen i 2020, som følgje av manglande kontrollverksemd frå starten av pandemien, er det behov for meir intensiv kontroll i 2021»

- Kva for grunnlag har ein for å hevde at det er «sterk auke i snikandelen»?
- Eg vil vise til leiaren i Bergensavisen 14.oktober med tittelen: «Skyss har svært ærlige og trofaste kunder» <https://www.ba.no/skyss-har-svart-arlige-og-trofaste-kunder/o/5-8-1434365?session=45e1d29b-0522-41cc-b49c-3265b8e19a83&access=granted>, og lurar på korleis ein veit at dette skyldes «snik» og ikkje at folk ikkje har fått lov til å løyse billett, fornye periodekort hjå sjåfør, eller nytte skysskort som var dei betalingsmetodane som var moglege før coronapandemien?
- Og korleis veit ein at denne sterke auken vert henta best inn gjennom fleire kontrollørar, og ikkje betre og meir brukarvennlege betalingsformar?

I dokumentet står det at meirkostnaden på 6 mill i høve budsjett for 2020 får ein inn igjen gjennom tilleggstakst ved kontroll. I tillegg står det at ein kan forvente 8-9 mill i meirinntekt på årsbasis ved å redusere snikprosenten med 1%.

- 2020 har vore eit unntaksår. Ein legg til grunn null auke i passasjerinntekter som følgje av coronapandemien, likevel meiner ein at det er grunnlag for å få inn 8-9 mill i meirinntekt med fleire kontrollørar. Sidan 2021 vert planlagt som eit unormalt år når det kjem til passasjerprognosar i kollektivtrafikken, kvifor legg ein til grunn normal inntekt på billettkontrollane?
- Meirkostnaden på 6 mill vert argumentert med at ein får igjen gjennom tilleggstakst. Kvifor er dette da ei utgift i budsjettet som må verte saldert frå anna hold?

Med vennleg helsing

Marthe Hammer

Gruppeleiar for SV i Vestland Fylkesting

Nestleiar utval for samferdsle og mobilitet, og medlem av fylkesutvalet og finansutvalet

Tlf: 97672203